

SKULEEKSAMEN I**SOS2200 – Organisasjon, leiing og arbeid****2. juni 2010****(6 timar)**

Ingen hjelpemiddel er tillatne under eksamen.

Sensur på eksamen fell 23. juni kl. 14.00. Sensuren kan hentast på Studentweb frå ca. kl. 14.30 same dag.

Sensuren blir rekna som motteken av studentane når den blir slått opp, med mindre gyldig fråvær kan dokumenterast. Vi minner om at kandidatar som ønskjer grunngiving må søkje om dette til instituttet **seinast ei veke** etter sensur. Frist for å klage på karakteren er tre veker etter sensur.

Oppgåvesettet består av **2 sider** inkludert denne.

Kandidaten skal levere både originalen og kopien av oppgåvesvaret.

NB! Skriv hardt nok til at kopien blir leseleg. Tusjpen kan ikkje brukast.

Hugs å notere deg kandidatnummeret ditt.

LUKKE TIL!

Du skal svare på både oppgåve 1 og oppgåve 2. I oppgåve 2 svarar du på anten oppgåve 2A, 2B eller 2C. Oppgåve 1 tel 1/3 og oppgåve 2 tel 2/3 av den endelege karakteren.

NB! Ein sensor skal lese kopien av oppgåvesvaret også. Skriv slik at den blir leseleg.

OPPGÅVE 1

Gjer kort greie for *tre* av fire følgjande omgrep/tema

- a) Organisasjonslæring
- b) Prosjektorganisering
- c) Protestantisk arbeidsetikk
- d) Human relations

OPPGÅVE 2

Svar på ein av dei tre følgjande oppgåvene

Anten 2A

Presenter nokre sentrale teoriar om arbeidsmotivasjon. Drøft deretter korleis ein kan bruke ein av desse teoriane som utgangspunkt for praktisk organisasjonsutvikling.

Eller 2B

Gjer greie for nokre av dei normene Sverre Lysgaard skildrar som gjeld innanfor arbeidarkollektivet. Lysgaard omtaler arbeidslivet som ein samanstøyt mellom eit menneskeleg system som er avgrensa, mangfaldig og tryggleiksøkande og eit teknisk/økonomisk system som er umetteleg, einsidig og ubønhøyrleg. Drøft korleis og kor godt denne skildringa passar på dei delane av det moderne arbeidslivet som er prega av stor fleksibilitet og lite byråkratisk organisering.

Eller 2C

I boka til Fivelsdal, Bakka og Nordhaug på den eine sida og boka til Grey på den andre sida, blir presenterte to ulike perspektiv på temaet organisasjonskultur, det fyrste konvensjonelt og det andre meir kritisk. Gjer greie for nokre hovudforskjellar mellom desse perspektiva. Drøft deretter kva høve leiarar har for å styre organisasjonskulturar ut frå dei to perspektiva.

Lukke til!